

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Tillegg

3. Leggje til rette for trygge skuleveggar.

4. Leggje til rette for fleire tilrettelagte arbeidsplassar.

5. HFK har som prinsipp at vidaregåande skular skal stille lokale gratis til bruk for frivillig sektor."

Mona Hellesnes sette på vegner av V og KrF fram slikt forslag:

"Tillegg:

For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelsa bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg."

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå opplærings- og helseutvalet til grunn for røystinga.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag fekk 6 røyster (SV, A, Sp) og fall.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.
2. For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelsa bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg.